



Øygarden kommune

Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken

Øygarden kommune
Hordaland



Fakta om Øygarden kommune

- Øygarden kommune vart oppretta 1964
- Øykommune i Hordaland – 4 mil nordvest for Bergen (40 min biltur via Sotra)
- 40 km lang – 3 km brei – 66 km²
- 4200 innbyggjarar
- Vekstkommune
- God økonomi
- Innpendling/utpendling/arbeidsmarknaden
- Vertskommune for store olje og gassanlegg



Fakta om Øygarden kommune

330 årsverk

300 mill. kr.

110 mill eigned- skatt

To nivå –modell

13 einingar



Øygarden kommune



Før (fram til 1986)

- Havstrilar
- Øysamfunn utan bruer
- Kvar øy sine institusjonar (skule,butikk,post,legekontor, bedehus)
- Fiske, sjøfart,småbruk, småindustri
- Sjøvegs kommunikasjon
- Nøkternt levesett, "det grå rike" pietisme



No (etter 1986)

- Utvatna havstrilar
- Seks større bruer koplar øyane saman
- "Sentralisering"
- Storindustri (Kollsnes, Sture, Kollsnes Næringspark) Småindustri. Service
- Landvegs kommunikasjon
- Større velstand, "det blå rike", verdsleggjering, urbanisering

ØYGARDEN KOMMUNE


Før (fram til 1986)

- Tilbakegang i folketal
- Låg studiekompetanse (teori)
- Høg realkompetanse (praksis)
- "Skuggen av Bergen"
- Dialekt
- Fattig kommune



No (etter 1986)

- Auka folketal
- Auka interesse for utdanning
- "Ut av skuggen"
- Utvatna dialekt
- Rik kommune (eigedomsskatt frå olje-/gassindustrien)





Øygarden kommune



Øygarden kommune



Øygarden kommune



HYDRO



Øygarden kommune



Øygarden kommune



Øygarden kommune





Kommunestyrevedtak – utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken

- Øygarden kommunestyre er svært positive til at Kommunal- og regionaldepartementet har vald ut Øygarden kommune som "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken" og vedtek prosjekt- og finansieringsplan for prosjektperioden slik den går fram av saksutgreiinga. Likevel må prosjektgruppa ha fullmakt til å leggje fram endringsframlegg til ovannemnde plan innanfor kostnadsramma.
- Øygarden kommunestyre vedtek at det omgåande etter kommunevalet 2007 vert vald ei prosjektgruppe. Det skal tilsetjast ein prosjektleiar frikjøpt i 20% stilling i heile prosjektperioden.
- Øygarden formannskap vert valt til styringsgruppe for prosjektet og kommunestyret skal ha seg førelagt evalueringsrapport ein gong i året.



Bakgrunn for søknad til prosjektet

- Øygarden kommune har tradisjon for låg kvinneandel i politiske styre og utval, særleg i valperioden 2003 – 2007 var det svært få kvinner med politiske verv:
 - Fire av 23 kommunestyrerepresentantar var kvinner
 - I formannskapet var ein av fem representantar kvinne
 - Blant fem hovudutvalsleiarar var det ei kvinne



Bakgrunn for søknad til prosjektet forts...

- På SSB sin likestillingsindeks for 2006 ligg Øygarden på 334. plass av landets 430 kommunar. Øygarden oppnår ein indeks på 2,1 av max 4
- Nokre indikatorar:
 - kvinnelege representantar i kommunestyret (17,4 %)
 - barnehagedekning (70,4 %)
 - tal på kvinner med høg utdanning (14,1 %)
 - kvinner per 100 menn (104)
 - kvinner i arbeidsstyrken (84,5 %)
 - kvinner si inntekt sett i forhold til menn (kr 187 900 / kr 320 600)



Mål

- *Kommunen har som målsetjing å auka andelen kvinner i politikken i tråd med intensjonane i likestillingslova. Som historien syner har Øygarden tradisjon for låg kvinneleg deltaking. Det kan difor vera naudsynt å iverksetja særlege tiltak, og å samarbeida med og læra av andre kommunar for å oppnå målsetjinga.*



Tiltaksplan

- Opppretta prosjektstilling – 20 %
- Grunnopplæring til kvinnelege representantar i alle politiske organ:
 - politikk
 - forvaltning
 - offentlege budsjett
 - saksforståing
- Fordela verv ut frå interesse og engasjement
- Gi tillit og sikra deltaking frå alle gjennom fordeling av ansvar og verv



Tiltaksplan – forts...

- Leggja kommunestyre, formannskap og hovudutval til dagtid
 - Dekka tapt arbeidsforteneste
 - Leggja til rette for gode møtelokale og grupperom
- Kontinuerleg kompetanseoppbygging og leiaropplæring:
 - Personleg meistring
 - Politikarrolla
 - Leiarrolla
 - Taleteknikkar
 - Forstå og takla hersketeknikkar



Tiltaksplan – forts...

- Prioritera barnehageplass til småbarnsmødre med politiske verv
- Prioritere plass i SFO til småbarnsmødre med politiske verv
- Leggja til rette for barnepass utover barnehage og SFO
- Haldningsskapande informasjonsarbeid for å auka status til lokalpolitikarane
- Gjennom delegasjon leggja til rette for hensiktsmessig og klar arbeidsfordeling mellom politikk og administrasjon
- Gjennom opplæringstiltak sikra kort og presis saksutgreiing frå administrasjonen



Status pr 01.11.2007

- Informasjonskampanje gjennomført i samband med kommunevalet
 - Kommunen si heimeside
 - Lokalavisa
- Tverrpolitisk prosjektgruppe vald i konstituerande kommunestyre 10.10.2007:
 - 3 kvinner
 - 3 menn
- Prosjektleiar skal veljast i kommunestyre 15.11.2007
- To prosjektmøte gjennomførte